



Saksframlegg

Vilkårsparkering Fyresdal kommune

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		22.10.2025
Kommunestyret		30.10.2025

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 Vedtak med pålegg om retting - Vilkårsparkering - Fyresdal kommune.PDF
- 2 Tilbakemelding tilsynsrapport - vilkårsparkering - Fyresdal kommune
- 3 Tilsynsrapport med varsel om vedtak - Vilkårsparkering - Fyresdal kommune .PDF

Bakgrunn for saka:

Statens vegvesen gjennomførte våren og sommaren 2025 tilsyn med dei kommunale parkeringsplassane i Fyresdal. I tilsynsrapport datert 30.07.2025 og endeleg vedtak 29.09.2025 konkluderte Statens vegvesen med at Fyresdal kommune tilbyr såkalla *vilkårsparkering*, jf. parkeringsforskrifta § 2 bokstav a. Dette fordi skiltinga og informasjonen på kommunens parkeringsområde (ved Næringshagen, Helsehuset, Kulturhuset og Idrettshallen) kan tolkast som at parkering krev betaling.

Kommunen har i sitt svar 06.08.2025 gjort det klart at intensjonen aldri har vore å tilby vilkårsparkering. Betaling via Vipps har vore meint som ei frivillig støtteordning, utan kontroll eller sanksjonar ved manglande betaling.

Statens vegvesen har likevel pålagt kommunen å anten:

1. Rette alle avvik etter parkeringsforskrifta (mellom anna registrering, skiltplan, universelt utforma betalingsautomat og reserverte HC-plassar),
eller
2. Avslutte ordninga med vilkårsparkering og dokumentere at skilta og betalingsordninga er fjerna.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategien i *Kommuneplanen sin samfunnsdel 2023–2035*, der det heiter at Fyresdal kommune skal leggje til rette for vidareutvikling av kommunen som turistdestinasjon.

Krav i parkeringsforskrifta er i hovudsak retta mot større bykommunar og profesjonelle parkeringsselskap. For ein liten distriktskommune som Fyresdal vil desse krava:

- medføre betydelege investeringar og driftskostnader (skiltplanar, automatar, universell utforming, parkeringsregister m.m.),
- krevje auka administrativ kapasitet og teknisk oppfølging som kommunen i dag ikkje har,
- og føre til ei byliknande parkeringskultur som bryt med den nære og tillitsbaserte profilen som Fyresdal ønskjer å bevare.

Samtidig må ein vere realistisk:

Den tidlegare frivillige løysinga har gjeve eit viktig økonomisk bidrag til drift og vedlikehald av Hamaren aktivitetspark og Tretoppvegen. Ordninga har vore populær og har gjort det mogleg å halde oppe eit høgt kvalitetsnivå utan å innføre «påtvungne» avgifter. Men slik regelverket no blir tolka av Statens Vegvesen, er denne løysinga ikkje lenger lovleg.

Da kommunestyret i sak PS 65/2023 vedtok frivillig parkeringsavgift, var det eit medvite val for å bevare eit lite og tillitsbasert system. Alternativet den gongen var å inngå avtale med eit parkeringsselskap som kunne handtere alt det praktiske og administrative rundt ei vilkårsparkering. Kommunen ville da fått 80 % av inntektene av den første millionen, og 90 % etter dette.

Kommunestyret valte den frivillige ordninga fordi ho harmonerte med dei lokale verdiane – men no har Statens vegvesen konkludert med at den i praksis er ei form for vilkårsparkering. Dermed står kommunen overfor eit vanskeleg, men nødvendig val.

Økonomiske konsekvensar

Fyresdal kommune har i dag budsjettert med 1,2 millionar kroner i årlege inntekter frå parkering. Dersom kommunen avviklar ordninga og berre oppmodar til frivillige donasjonar, reknar kommunedirektøren med eit inntektsbortfall på om lag 1 million kroner.

Dette vil påverke drifta av turistsatsinga direkte. Midlane frå parkering er ikkje «ekstra pengar» – dei går til vedlikehald, reinhald og fornying av Hamaren aktivitetspark og Tretoppvegen, samt vidareutvikling av kommunen som reisemål.

Utan desse inntektene må kommunen anten:

- redusere aktiviteten og vedlikehaldet i anlegga, eller
- auke kommunale utgifter over driftsbudsjettet for å kompensere for bortfallet.

I dagens økonomiske situasjon, der kommunen allereie brukar meir midlar på drift enn budsjettert, men reddast heldigvis av kraftinntektene, er det lite handlingsrom til å ta på seg meir driftsutgifter.

Dette gjer det dessverre nødvendig å vurdere ei løysing som kan verke meir byråkratisk, men som sikrar dei inntektene som trengst for å halde satsinga oppe.

Konklusjon:

Fyresdal kommune står i eit krevjande dilemma:

Å halde fast på ei ordning som ikkje lenger er lovleg, eller å innføre eit system som bryt noko med den enkle og tillitsbaserte kulturen vi er stolte av.

Det er leit at vi må gå bort frå den frivillige løysinga, men økonomien og regelverket gjer det nødvendig. For å bevare kvaliteten på eit av vårt viktigaste fellesanlegg og sikre vidare turistutvikling, må kommunen no ta eit meir formalisert grep.

Kommunedirektøren vil at kommunen fortsatt skal vere ein destinasjon som folk ynskjer å besøke og kor vi er eit profesjonelt vertsskap.

Kommunedirektøren vil derfor anbefale at kommunestyret vel å innføre vilkårsparkering og at kommunedirektøren får i oppdrag å kome tilbake til kommunestyret med ei sak som gjev greie for korleis ein kan innføre vilkårsparkering og kven ein evt. vil inngå avtale med.

Innstilling frå kommunedirektøren:

1. Kommunestyre har intensjon om å innføre vilkårsparkering for turistsesongen 2026 for å oppretthalde inntektsnivået som gjev grunnlag for turistsatsinga i Fyresdal.
2. Kommunestyret avviklar dagens ordning.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å kome tilbake med ei sak som gjer greie for korleis vilkårsvurdering kan organiserast og sjå ut i praksis.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Halvor Homme
	kommunalsjef plan og teknikk